



## Notat

Dato: 23.10.2018  
Arkivsak: 2018/13063-24  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Spørsmål vedkommande spesialundervisning friskular

Representanten Tor Andre Ljosland (KRF) har sendt inn følgjande spørsmål 10. september 2018.

«Del 1

1. Hvor mange timer spesialundervisning er innvilget av OT/PPT i Hordaland fylkeskommune?
  - a. I offentlig skole
  - b. I friskoler
1. Hvor mange timer spesialundervisning er gitt til elevene?
  - a. I offentlig skole
  - b. I friskoler
1. Hvor mange elever får vedtak om spesialundervisning (minst 1 time) i prosent av det totale antall elever i Hordaland?
2. Gjøres det tiltak for å redusere bruken av spesialundervisning etter at det er gitt vedtak fra OT/PPT?
3. Får alle elevene det timetallet som vedtaket tilsier de har rett på?
4. Finnes det sammenlignbare tall på fylkesnivå for hvor mange timer med spesialundervisning som blir gitt pr fylke, og hva som er snittkostnaden for disse?

Del 2.

1. Hvor mye penger er det brukt på spesialundervisning i friskoler i 2015, 2016, 2017 og 1.halvår i 2018 og hvor mange timer er det gitt vedtak på i de samme årene?
2. Finansieringen av spesialundervisning er endret to ganger siste 4 år. Hva er bakgrunnen for dette?
3. Gir den nye beregningsmodellen endrede utgifter for fylkeskommunen til spesialundervisningen i friskolene?
4. Hvordan sikrer den nye finansieringsmodellen at pengene kommer elevene som har spesialundervisning til gode?
5. Hvorfor er ordningen endret fra time for time finansiering av elevenes behov til en felles pott for friskolene, som igjen skal fordeles mellom skolene?
6. Hva er lovgrunnlaget for den nye modellen?
7. Får friskolene dekket de reelle utgiftene som opplæringsavdelinga pålegg friskolene gjennom enkeltvedtak til spesialundervisninga.
8. Hva er med i beregningsgrunnlaget for fordeling av potten som fordeles mellom friskolene?»

På bakgrunn av spørsmåla vart det i opplærings- og helseutvalet 16 oktober halde ein presentasjon som viste tildelingsmodell for spesialundervisning i friskular og bakgrunnen for endring av tildelingsmodell.



### Friskolelova § 3-6 annet ledd

1. «Heimkommunen eller heimfylket til eleven sørgjer for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering og gjer vedtak om spesialundervisning.
2. **Heimkommunen eller heimfylket skal dekkje utgiftene til spesialundervisning i frittstående skolar på lik linje med offentlege skolar.**
3. **Berekninga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning.**
4. I tvilstilfelle avgjer departementet kva kommune eller fylkeskommune som er ansvarleg for kostnadene.
5. *Departementet har tilsvarande ansvar for elevar ved norske skolar i utlandet»*



### Krav om likebehandling

- **Heimkommunen eller heimfylket skal dekkje utgiftene til spesialundervisning i frittstående skolar på lik linje med offentlege skolar.**

Med likebehandling meiner departementet at fylkeskommunen skal :

- > Nytte de same kriteria for tildeling av midlar eller på anna måte sikre at friskulane ikkje får dårlegare utgiftsdekning enn dei offentlege skulane.
- > Dette må vurderast konkret ut fra det tildelingssystemet som er etablert lokalt.

Formålet med kravet:

- > Friskulane skal få minst like mye midlar som ein offentlig skule ville fått for tilsvarande forhold
- > At kommunen og fylkeskommunen heller ikkje skal være forplikta til å etablere betre finansieringsordningar for friskulane enn for dei offentlege skulane



## Krav om tildeling relatert til tal elevar med spesialundervisning

- **Berekinga av midlar til spesialundervisning skal vere relatert til talet elevar med spesialundervisning.**
  - > Modellar som utelukkande tar utgangspunkt i det totale elevtalet i friskular skal ikkje nyttast

23.10.2018

4



## Tidlegare praksis i Hordaland:

- Nokre fylkeskommunar hadde tildelingsmodellar som ivaretok kravet om likebehandling, men Hordaland hadde vi ulike prinsipp for tildeling og fordeling mellom offentlege og private skular,
- Offentlege skular:
  - > Ein pott som vert fordelt basert på tal timar pr elev
  - > Skulane sendar søknadar om dekning av utgifter med informasjon om organisering, og bruk av lærar- og assistenttimar
  - > HFK utviklar totaloversikt over innmeldte behov på skulane
  - > Potten blir fordelt ut i høve til dei innmeldte behova frå friskulane
- Private skular:
  - > Refusjon etter krav frå skulane
    - Først etter faste timesatar
    - Endra slik at vi dekkar etter skulane sine egne timesatsar
    - Refusjonskrav vart sendt kvart halvår
- Behov for å utvikle ny modell som likebehandlar

23.10.2018

5



## Ny modell for tildeling - prosess

- September 2017
  - > Brev til friskulane om at vi ville lage på ny modell for tildeling
  - > Formålet var å sikre likebehandling mellom offentlege skular og friskular
  - > Ny modell verknad frå 2018
- I november 2017
  - > Samling med presentasjon av ny modell
  - > I tillegg brev med informasjon om kva for grunnlag ein ville nytte for å sikre likebehandling mellom offentlege skular og friskular

23.10.2018

6



## Fastsetting av «pott» til friskulane

- Med utgangspunkt i dette, blir praksisen i friskulane som følger:
- HFK set av ein pott til fordeling av midlar for spesialundervisning.
- Potten blir berekna slik:

$$\left( \frac{\text{pott til dei offentlege skulane}}{\text{ord. elevar i offentlege skular}} \right) \times \text{talet på elevar på friskulane}$$



## Ny modell -prinsipp

- Friskulane sendar søknadar om dekning av utgifter med informasjon om organisering, og bruk av lærar- og assistenttimar
  - > lovpålagd årsrapport
  - > Skjema med oversikt over tal timar lærar og assistent pr elev
- HFK utviklar totaloversikt over innmeldte timar på friskulane
- Potten blir fordelt ut i høve til dei innmeldte timane frå friskulane
- Friskulane skal sende søknadar om dekning av utgifter til spesialundervisning to gonger i året, innan 15.12. for hausten og innan 15.6. for våren